



Opplæringsavdelinga HFK

Gladmelding!

ANALYSE AV SØKJARTALET VED PROGNOSE-VALET TIL GARNES VGS FOR HAUSTEN 2016 OG KONSEKVEN SAR FOR PERSONALSITUASJONEN I FELLE SFAGA/ PROGRAMFAGA VED GARNES VGS OG I HFK.

Dersom ein legg søkjartala ved prognosevalet for Garnes vgs til grunn, med 5 parallelle klasser på vg1 (3 på ST og 2 på MK) vil skulen ha trong for 62 fleire lærartimar i felles-/ programfaga på programområde ST. Om skulen i tillegg får 2 parallelle klasser Påbygg til generell studiekompetanse, slik skulen alltid har hatt, utgjer dette minst 50 lærartimar i tillegg. Totalt vil skulen ut frå dette ha trong for minimum 112 lærartimar i felles-/ programfaga på programområde ST neste skuleår.

Dette vil opne opp for 7 -8 nye 100% stillingar ved skulen.

Kva konsekvensar omleggingane vil få for personalsituasjonen ved Garnes vgs vil vere avhengig av kor mange klasser vi får til kvart programområde. Søknaden til skulen er stor, - størst søknad sidan 90-talet. Primærsøkjartalet tilseier minst to parallelle Vg1-klasser på kvart av skulen sine programområde:

Utrekningane er gjort ut frå klassetalet som er oppført under her:

ST - Skulen har søkjargrunnlag og plass til å ta i mot 3 parallelle klasser med 27(30) elevar.

MK - Skulen har søkjargrunnlag og plass til å ta i mot 2 parallelle klasser med 30 elevar.

3PB - Skulen ønskjer å opprette/fortsetje med 2 parallelle klasser 3Påbygg til generell st.kompetanse.


(i dei fleste tidlegare år har Garnes vgs hatt 3 parallelle påbyggingsklasser. To på programområde ST, og ei klasse 3MK.)

KONSEKVEN SAR FOR PERSONALSITUASJONEN I MEDIUM OG KOMMUNIKASJONSFAGA VED GARNES VGS OG I HFK.

Det er viktig å halde på bredda i fagkompetansen i lærarpersonalet. Ingen lærar kan tilby alle fagområda som ligg i læreplanen. Søkjartalet til skulen tilseier at det er grunnlag for å opprette 2 parallelle Vg1-klasser ved skulen. Dersom Opplæringsavdelinga opnar opp for dette vil skulen kunne unngå å melde MK-lærarar overtalige.

I Kunnskapsløftet er alle timane i mediefaga basert på klasser med 15 elevar. Slik har det vore i praktiske fag i alle tider etter innføringa av vidaregåande skule i 1974. Etter læreplan for Kunnskapsløftet er tal på timar i mediefaga til saman 23 timar per klasse på Vg1-nivå. Talet vert auka på Vg2-nivå, men sterkt redusert på Vg3 nivå. Denne timefordelinga er «snudd på hovude» i dei nye læreplanane for MKST. Her er det færrest timar på Vg1-nivå (10 timar) og flest timar på Vg3-nivå. Ut frå denne omlegginga vil dei to neste åra bli utfordrande, og det er viktig å ha «is i magen».

Endringar i MK-faget frå gjeldane læreplan til ny læreplan for MKST:



Garnes vidaregåande skule har stor søknad til Vg1MKST skuleåret 2016/2017. Ved å opprette 2 parallelle MKST klasser ved skulen frå hausten 2016, og ved å dele elevane på to grupper à 15 elevar i programfagtimane, vil skulen ikkje ha trong for å melde MK-lærarar overtalige. Eit anna moment for å ha grupper på 15 elevar i programfagtimane er at alle fagrom og alt spesialutstyr som skulane har på MK-avdelingane er tilpassa grupper på 15 elevar.

Garnes, 8. april 2016.

Garnes vidaregåande skule

Aud Åsne Kvamme
Rektor

Kopi: Hillevi Runshaug
Nils Skavhellen
Johan J. Meyer